

## Det vert monsternaster i Hardanger

**HARDANGER: I alle fall om ein skal ein tru bookmakerselskapet Betsson.**

Hjå bookmakeren har oddsen for sjøkabel i Hardanger gått til vers, etter at regjeringa si utgreiing syn- te at sjøkabelalternativet både vert dyrare og vanskelegare enn først anteke.

### Større enn rosenborgsiger

Selskapet trur no at sjansen for at det vert monsternaster i Hardanger er større enn at Rosenborg

vinn serien i fotball i 2011

– Etter at utgreiinga vart lagt fram, har nesten ingen av våre oddsspelarar sett pengar på at regjeringa vil byggja sjøkabel i Hardanger. Oddsen for monsternaster er til og med lågare enn oddsen for at Rosenborg vert seriemeistrar i fotball, seier sjef i Betsson Norge, Thomas Aakvik.

### Du kan verta rik

I sommar var oddsen for sjøkabelalternativet i Hardanger på 3,00 hjå Betsson. Skulle derimot regje-

ringa snu og velja sjøkabel, etter at utgreiinga vart lagt fram, får ein heile 10,00 gonger innsatsen attende i odds. Om regjeringa byggjer monsternaster får ein berre 1,05 gonger innsatsen attende i gevinst.

Til samanlikning får du 2,50 i odds hjå Betsson på at Rosenborg vinn serien i 2011.

FRODE RENE | tekst  
fr@avisa-hordaland.no

## Måk hyttetaket ditt no

**VOSS: Dei siste dagane med snøfall får forsikringselskapa til å vakne. No oppmodar dei hytteeigarar til å måke av taket, før det rasar saman.**

Pressetalsmann i Tryg forsikring, Roar Stigum Olsen oppmodar hytteeigarar å måka snøen av taket snøggast råd.

### Opp mot 70 tonn

– I verste fall kan eit hyttetak på 100 kvadratmeter verta påført eit ekstra trykk på opp mot 70 tonn dersom det kjem mykje vatn og is i snøen som alt ligg på taket, seier Stigum Olsen.

– Ein kubikk snø veg 300 kilo, dersom ein får vatn og is i den, kjem denne vekta fort opp mot 600-700 kilo pr kubikk, åtvarar han.

Det er i første omgang vassinn- trenging og seinskadar som bekymrar han mest, men også at hyttetaka rett og slett kan kollap- sa om snøen vert liggjande.

### Kan risikera avkorting

Stigum Olsen meiner folk bør ha ein rimeleg god grunn til ikkje å reisa på hytta si og rydda snø av taket no.

– Eg har aldri før opplevd så mykje snø som det kom denne helga. Folk bør snøggast råd koma seg på hytta og få bort snøen, før mildvêret kjem.

– Kva med folk som kanskje ikkje reiser på hytta vinterstid.

– Dei bør leggja inn ein ekstra tur i vinter for å spa av taket.

– Kan folk risikera avkorting på forsikringa si om taket skulle rasa ned?

– Ja, heilt klart. Alle forsikring-



**MÅK TAKET NO:** Forsikringselskapa oppmodar deg til å måka hytte- taket no - før det går gale. Dette taket vart rydda i helga.

stakerar har eit ansvar om å hin- dra skadar. Dersom dei burde skjont at dette kunne medført skade, kan dei risikera avkorting på forsikringa, men dette lyt vur- derast i kvart einiskild tilfelle, for- klarar Stigum Olsen.

Tryg forsikring har så langt i år

ikkje registrert skadar som fylgje av snø på hus - eller hyttetak.

FRODE RENE | tekst  
TOR HALVORSEN | foto  
redaksjon@avisa-hordaland.no



**SNADDER I BERLIN:** I tillegg til tyskarane, var leiaren i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke Byrkjeland frå Nøring ANS i Hardanger.

## Grisesuksess

**Tyskarane på Grüne Woche likte smågrisen frå Selheim. – Dei kom tilbake og ville ha meir. Og det er litt spesielt på ein stad med så mykje mat, seier Gunnar Nagell Dahl.**

– Kjempebra! Det er ordet meister- kokk Gunnar Nagell Dahl nyttar når han vel heime att i Noreg summer opp den norske standen på Grüne Woche i Berlin.

– Og spesielt for grisekjøtet. Det fekk mest merksemd, seier Gunnar Nagell Dahl, som serverte heilsteikt griselår frå Selheim både i restau- ranten og på Noreg sin stand.

Også fleire andre frå vårt område deltok, og bidrog til at det vart my- kje folk og svært god stemning. Mellom dei var Renate Lunde frå Vossabia som gjorde ein kjempe- jobb på standen og Asbjørn Bør- heim som serverte ekte sider frå Ul- vik.

### Enkelt med gris

Gunnar Nagell Dahl opplyser at det

i Tyskland er temmeleg enkelt å pre- sentera gris. Det er eit produkt tys- karane kjenner, og som dei gjerne vil smaka. – At dei kom tilbake og ville ha meir, er både interessant og kjekt.

Dei norske representantane had- de også med seg veldig godt lam- mekjøt – men det måtte tyskarane overtalast til å smaka.

Nagell Dahl som er matattache ved landbruksavdelinga hjå Fylkes- mannen i Hordaland, håpar og trur hendinga får positive fylgjer for gardsslakteriet på Selheim.

### Kjem på Førveld

– Dette gjev det lokale slakteriet og smågrisekjøtet frå Selheim merk- semd. I restauranten var det fleire som spurde etter grisekjøtet. Me får

## Problemer med hendene?



Vi har spesialister innen håndkirurgi som utreder og opererer de fleste håndlidelser. Vårt team vil sikre deg en god behandling.

Les mer på [www.volvat.no](http://www.volvat.no)

Ansvarlig lege: Ronald Skjeie

Timebestilling:  
Tlf: 55 11 20 00  
[www.volvat.no](http://www.volvat.no)

Volvat  
Medisinske Senter AS  
Bergen



## Stoltenberg opna Expedition Finse

**FINSE:** Landets første ekspedisjonsfestival vart arrangert på Finse denne helga. Statsminister Jens Stoltenberg opna festivalen fredag.

Expedition Finse er Finse si eiga markering av Nansen-Amundsen-året, og hadde mellom anna polfarar Børge Ousland og ekstrem-sportfantast Sigrud Henjum på programmet.

### Stolt historie

Sidan hotellet på Finse vart etablert i 1909, har gigantar som Nansen, Amundsen og Shackleton brukt Finse til trening.

– Det betyr utruleg mykje for oss at statsministeren kjem til Finse for å opna festivalen. Det seier noko om hans tilknytning til staden, og at Finse har ein sterk posisjon i Noreg si ekspedisjonshistorie, sa festivalsjef Hilde Vikane i forkant av opninga.

I høve festivalen vart Roald Amundsen sin base i Antarktis, Framheim, autentisk bygt opp på

Finsevatnet av opplevingsfirmaet Yourway.

### Nansen-Amundsen-Jens

Dei kring 120 deltakarane hadde ei vindfull opningsstund fredagskvelden, ved arkitekt Luca Roncoroni sine isskulpturar utanfor Finse1222. Statsministeren heldt sin opningstale innandørs, før programmet gjekk vidare med eit knallforedrag av Børge Ousland, i følgje festivalsjef Vikane:

– Og ordentleg god stemning, nesten som ein veners vener-fest!

Festivalen føregjekk i fotefara til Fritjof Nansen og Roald Amundsen. I år er det 150 år sidan Nansen vart fødd, og 100 år sidan Amundsen nådde Sydpolen. Nansen-Amundsen-året vil ha arrangement over heile landet gjennom heile året.

Statsministeren lét seg inspirera av den heroiske friluftshistoria, og nytta delar av laurdagen til å prøva seg på skisegling på Finsevatnet.

KNUT MARKHUS | tekst  
km@avisa-hordaland.no



e (t.v.), av dei mange som smakte på smågrisen frå Voss. Meisterkock Gunnar Nagell Dahl serverer, og til høgre Helga

PRIVAT FOTO

# s på Grüne Woche

bruka dette for det som det er verd framover, seier matattacheen, som personleg var til Selheim for å partera og henta smågrisene før dei drog til Berlin.

Også kollega og meisterkock Hanne Frosta – som også var med på Selheim – kjem til å bruka smågriskjøtet vidare.

Om 14 dagar – måndag 21. februar klokka 18 – vil smågris frå Selheim stå på menyen i TV-programmet Førkveld på NRK. Då vert det endå meir merksemd for smågriskjøtet.

– Det er eit fantastisk produkt, seier matkjennaren Gunnar Nagell Dahl.

### Det lokale viktigast

Også bonden og slakterieigaren Lars Selheim har fått tilbakemeldingar om bra respons på Grüne Woche.

– Det er kjekt, svarar den arbeidssame bonden som er travelt oppteken og i full gang med slaktearbeid på gardsslakteriet når Hordaland ringjer han måndag føremiddag. Samtidig meiner Selheim det er



**POPULÆRT:** – Eit fantastisk produkt, seier Gunnar Nagell Dahl om det heilsteikte griselåret. – Dette gjev merksemd.

PRIVAT FOTO

lite truleg at opplevingane under Grüne Woche vil få så mykje å seia for sal til Tyskland. Han ser på lokalkalmarknaden som den viktigaste.

– Det viktigaste er den auka merk-

senda dette fører til her lokalt, meiner Lars Selheim.

GEIR GEITLE | tekst  
gg@avisa-hordaland.no

## Mann måtte hjelpast på rett kjø

**VOSS:** Politiet på Voss vart tilkalla til ein serveringsstad på Vangen klokka to natt til søndag. Ein mann hadde vore til plage på staden, men var sovna då polititenestemennene kom fram. Etter å ha fått start-

hjul frå politiet, vart mannen geleida ut av lokalet, og vurdert til å vera i stand til å ta hand om seg sjølv. Forholdet er meldt til Voss lensmannskontor.

## Bli inspirert av SKAGEN

SKAGEN ynskjer dykk velkomne til eit inspirerende møte på Voss, denne gongen med fjellklatraren Jarle Trå som gjest. Tema for kvelden er: Korleis leve med risiko? Det kinesiske teiknet for risiko betyr både fare og mogelegheit. Kva betyr dette i fondsforvaltning, og i fjell-klatring? Me kan lova ein spennande og annleis kveld.

### Møt oss – spør oss – åpent for alle

15. februar Voss Park Hotel, Vossevangen 18 – 20

#### Program

**Kl. 18 - 19:** Informasjonsmøte med SKAGEN

\* Den usynlege risiko  
\* Korleis handtere risiko i aksjemarknaden

**Kl 19 – 20:** Foredrag av fjellklatrar Jarle Trå

\* Korleis handterer Jarle Trå risiko?

#### Påmelding

Det er avgrensa tal plassar, fyrste mann til mølla gjeld. På grunn av servering ynskjer me bindande påmelding innan 14. februar. Meld deg på ved å senda ein e-post til deltaker@skagenfondene.no, på www.skagenfondene.no eller ved å ringe 04001.

Inviter gjerne med ein ven. Velkommen!

